

Debatt om gruvedrift i Klassekampen

November/desember 2019

**Det starta med eit innlegg av tre representantar for Trøndelag SV. Eg svarte på dette og fikk tilsvare. Dette har eg igjen svart på og det kom inn i avis 27. desember.
Eg gjengir her alle innlegga i kronologisk rekkefølge.**

Lørdag 30. november 2019

Mineral Norge!

GRUVEDRIFT

Siv Furuset, Rakel S. Trondal og Torgeir Strøm

Norge er et land med rike ressurser. Fjellregionene i Trøndelag og resten av landet er rike på mineraler. Det har opp gjennom historia gitt oss mange arbeidsplasser, men også store problemer med forurensing i vassdrag og fjorder. Det grønne framtidssamfunnet trenger mye mineraler og metaller. Norge og resten av Europa kan ikke overlate mineralutvinning til afrikanske barnearbeidere. SV mener at ei storsatsing på et statlig mineralselskap kan ha økonomiske muskler til å utvikle ny teknologi og nye metoder som tar naturvernghensyn og samtidig kan skape nye arbeidsplasser i Røyrvik, Namsskogan, Holtålen og andre fjellbygder i Norge.

Vi ser i dag at mindre private gruveselskap er i ferd med å starte opp ny drift i gamle gruvesamfunn, men fortsetter dumping av overskuddsmasse i fjorder og vassdrag. For SV vil det være uaktuelt å støtte mineralprosjekter som dumper i Førdefjorden, Huddingsvatnet/Hutne-gejaevrie (Røyrvik) eller andre vassdrag og fjorder. Et statlig mineralselskap vil også ha økonomiske muskler til å kunne redusere overskuddsmassene gjennom å utvinne flere mineraler og metaller i ei gruvedrift. Ei miljøvennlig gruvedrift kan ikke ende opp med 90 prosent overskuddsmasser som skal lagres i et deponi.

Samtidig som vi utvinner nye mineraler må vi satse på høyest mulig grad av resirkulering og gjenbruk, fordi mineraler er ikke-fornybare ressurser. Sirkulærøkonomi må erstatte forurensingsøkonomi. Tradisjonell gruvedrift er ofte plasskrevende og kommer ofte i konflikt med reindrift og naturmangfold. Et statlig mineralselskap må søke å begrense arealomfanget ved gruvedriften og velge områder der en ikke kommer i konflikt med reindriften. Et statlig mineralselskap vil også hindre at verdiene fra gruvedriften havner i utlandet eller i lommene på pengespekulanter. Naturressursene tilhører fellesskapet. Derfor mener SV at vi i inngangen til det grønne framtidssamfunnet trenger et Mineral Norge.

Siv Furunes, leder i Trøndelag SV. Rakel S. Trondal og Torgeir Strøm, fylkestingsrepresentanter for SV i Trøndelag torgeirstr@icloud.com

07.12.2019

Norsk Bergindustri, avd. SV

Norsk Bergindustri er interesseorganisasjonen til gruveselskap i Noreg, inkludert prospekteringsselskap som aldri har drive ei gruve, men som drøymer om å gjøre det store funnet og bli rike på å selje aksjane. Oppgåva deira er å påverke staten til å gi gruveselskapa mest mogleg fri tilgang på alt av mineralressursar, og minst mogleg forstyrrende miljøkrav. Norsk Bergindustri støttar ALLE gruver, også etter gull som bare trengst til spekulasjon, men gir enorme miljøskader. Hovudtaktikken deira er å ikkje diskutere miljøskadane frå gruvedriften, men kor stort behov det er

for mineral. Dei siste åra har dei utvikla to nye hovudargument for å trekke over til seg eller nøytraliser miljørørsla og folk som er opptatt av internasjonal solidaritet:

1. Vi treng meir mineralutvinning pga. Det grøne skiftet, altså er mineralutvinning miljøvenlig.
2. Vi må vinne ut minerala her, så dei stakkars fattige barna i Kongo skal sleppe å jobbe i gruver. Begge desse argumenta er heilt nye dei siste åra, men dei fører merkelig nok alltid til dei same konklusjonane som før: Mest mogleg gruver, minst mogleg miljøkrav.

Nylig har dei fått støtte frå eit hald som kanskje var uventa for mange: Sosialistisk Venstreparti. I eit innlegg i bl.a. Nationen og Klassekampen skriv tre framtredande representantar for SV i Trøndelag: «Det grønne framtidssamfunnet trenger mye mineraler og metaller. Norge og resten av Europa kan ikke overlate mineralutvinning til afrikanske barnearbeidere.»

Dermed går dei gode for dei viktigaste argumenta frå gruveforkjemparane, som i tillegg til gruveselskap og deira organ blir gjentatt som eit mantra av regjeringspartia, NHO, LO, samt i den nye mineralstrategien for Nord-Norge. Ikkje eit ord om den ekstreme rovdrifta på ressursane som blir drive over heile verda og det målbevisste arbeidet frå mineralnæringa for å AUKE eit allereie alt for høgt forbruk.

Rett nok har ein reservasjonar om resirkulering og at ein ikkje skal komme i konflikt med reindrifta, men hovudretninga er likevel meir gruvedrift.

Løysinga til SV-representantane er eit statlig mineralselskap, eit slags mineralnæringa sitt svar på Statkraft, Statoil/Equinor og Telenor. Dette skal ha «økonomiske muskler til å utvikle ny teknologi og nye metoder som tar naturvernghensyn og samtidig kan skape nye arbeidsplasser».

Vidare vil «Et statlig mineralselskap ... også ha økonomiske muskler til å kunne redusere overskuddsmassene gjennom å utvinne flere mineraler og metaller i ei gruvedrift.» Da må vi spørre: Er det mangel på «økonomiske muskler» hos gruveselskapet som har hindra dei å gjøre dette tidligare? Eller er det at staten ikkje har ønska å stille krav om naturvernomsyn og betre utnytting? Norges Forskningsråd styrer i stor grad kva som skal forskast på her i landet. Dei prioriterer forsking på grønvasking av sjødumping frå gruver og nektar støtte til forsking på betre utnytting av gruveavgang. Dette er ein statlig politikk. Eit statsselskap vil vere organ for den statlige politikken og som andre statsselskap ha som oppgåve å drive forretningsmessig. Det vil derfor snarare bli ein pådriver for meir gruvedrift og i like stor grad som private selskap motsette seg statlige krav som vil hindre forretninga.

Det er ikkje eit nytt Statoil for mineral vi treng. Vi treng klare vilkår for å gi løyve til gruvedrift, der naturmangfoldlova, forureiningslova og reindriftslova blir respektert og ikkje overkjørt. Det betyr bl.a. totalt forbod mot deponering i sjø og ferskvatn, samt nei til gruveinngrep i reindriftsområde der reindrifta og/eller Sametinget seier nei. Om så ikkje private selskap vil drive under slike vilkår, så får bare ressursane ligge i fred til nokon aksepterer dei. Og vi treng ei behovsprøving før det blir gitt leite- og utvinningsløyve, noko som bl.a. vil seie nei til utvinning av gull. Vi treng ei offentlig styrt forsking for mindre miljøskadelig gruvedrift, gjerne finansiert ved avgifter på gruveselskapet, men ikkje styrt av dei. SV-representantane sitt forslag er ein blindveg som leiar tilbake til nettopp det gruveselskapet ønsker.

Svein Lund

Forfattar "Gull, gråstein og grums"

<http://gruve.info>

14.12.2019

Grønn gruveindustri

I et leserinnlegg i Klassekampen 7. desember anklaget Svein Lund Trøndelag SV for å løpe gruveindustriens ærend. Det må være øynene som ser. For i en diskusjon om mineralnæring i Trøndelag fylkeskommune ble vi i SV anklaget for å motarbeide gruveindustrien. Trøndelag SV

stemte imot å gi økonomisk tilskudd til Joma Gruver AS som skulle utrede lagring av overskuddsmasser ved oppstart av ny gruvedrift i de gamle kobbergruvene i Røyrvik. Så lenge utredninga også skulle omfatte deponering av overskuddsmasser i Huddingsvatnet, så var SVs svar et klart, nei.

I Trøndelag SV sitt innlegg om mineraler, som sto i Klassekampen 30. november, understreket vi at det vil være uaktuelt å støtte prosjekter som dumper overskuddsmasser i vassdrag eller fjorder. Vi understreket også at eventuelle nye gruveprosjekter må skje i områder der en ikke kommer i konflikt med reindrifta.

Trøndelag SV mener naturressursene, også mineralene i våre fjell, tilhører fellesskapet. Vi mener mineralnæring ikke skal være grunnlag for profitindustri. Norge må bidra til å skaffe vår andel av mineraler og metaller som er nødvendig for å omstille industri og ny teknologi til et bærekraftig framtidssamfunn. For å få til dette, trengs det en sterk satsing på forskning og innovasjon. Det er bare et statlig mineralselskap, som har sitt grunnlag og retningslinjer fra Stortinget, som kan drive ei slik planstyrt mineralnæring i Norge. Ei mer miljøvennlig statlig mineralnæring, som ikke kommer i konflikt med reindriftsnæringa, bør være en av de store prosjektene for ei ny rødgrønn regjering i 2021.

Trøndelag SV
v/ Siv Furunes, Rakel Trondal og Torgeir Strøm

Sendt 19.12.2019, her i forkorta versjon, slik det kom inn i avisa 27.12.2019.

Gruvepolitikk for venstresida

Takk til Trøndelag SV for at dei har fått i gang ein debatt om gruvepolitikk på debattsidene i Klassekampen. Dei likar sjølv sagt ikkje spissformuleringa i overskrifta mi «Norsk Bergindustri avd. SV» og viser til at dei er usamde med NBI i fleire saker. Det har dei heldigvis rett i, og det er viktig at vi som er mot sjødumping og gruveinngrep i reinbeiteområde står saman om dette, samtidig som vi diskuterer kva som bør vere ein alternativ politikk. Her har både SV, Raudt og MDG mye igjen å gjøre.

Kritikken min går ut på at SV (eller i alle fall desse debattantane) godtar dei to hovudargumenta som Norsk Bergindustri brukar for å forsvare auka gruvedrift: Mineral for det grøne skiftet, og at vi skal hindre barnearbeid i Kongo med å produsere meir mineral her.

Svaret frå miljørørsla og venstresida bør vere å avvise denne argumentasjonen som den propagandabløffen den er, og samtidig seie at eit hovudtrekk i grøn politikk må vere å redusere, ikkje auke mineralutvinninga. I likheit med alle andre gruveforkjemparar, argumenterer SV her med arbeidsplassar, men arbeidsplassar må aldri få bli eit argument for å gjennomføre ein produksjon som verda og miljøet hadde vore betre tjent med å ikkje ha.

Svaret frå SV går i det heile ikkje inn på desse spørsmåla, men konsentrerer seg om statlig gruveselskap. Det meiner eg er ei avsporing. Røynslene frå Statskog, Statoil, Statkraft, Telenor med fleire, er ikkje at desse selskapa driv meir miljøvennlig enn private selskap, men at statlige selskap som konkurrerer på ein kapitalistisk marknad utviklar eigne interesser av reduserte miljøkrav og fritt fram for nye investeringar, innanlands og utanlands. Eit Statmin eller Mineral Norge vil ikkje bli det minste betre, snarare tvert om, fordi konkurransen på dette området er så hard, og fordi Noreg har ein mineralstrategi som går ut på å gjøre landet attraktivt for utanlanske investeringar. Det kan bare gjøраст gjennom to tiltak: Lågast mogleg miljøkrav og lågast mogleg skattar. SV sat i

regjering da denne miljøstrategien blei vedtatt, og har aldri tatt avstand frå denne. Eit vilkår for utvikling av ein mineralpolitikk for venstresida, er at SV tar eit oppgjør med mineralstrategien.

Svein Lund
Forfattar «Gull, gråstein og grums»
sveilund@online.no